

# ÅRSRAPPORT 2015 FRÅ STATENS NATUROPPSYN TIL BREHEIMEN NASJONALPARKSTYRE

07.12.2015

Statens naturoppsyn

Øyvind Angard og Liv Byrkjeland



**SNO tilsette:**

Liv Byrkjeland, Luster

Øyvind Angard, Skjåk

**I tillegg er det kjøpt tenester av:**

Skjåk almenning

Lom fjellstyre

Skjolden bygdeservice SA

Johannes Hauge, Kjell Einar Ormberg, Jenny Bakken og Turid Gudmundson, Oddvar Vigdal, Vigdalen  
grendalag, Kjetil Ruud

# Innhald


1. Oppsynsaktivitet: kontroll/tilsyn og informasjon.....	3
1.2. Villrein.....	8
1.3. Informasjon .....	9
1.4. Plukking av søppel .....	14
1.5. Tilsyn med tamreindrift .....	14
1.6. Øydelagde løveskilt .....	15
2. Registrering/overvåking .....	15
2.1. Ferdselstelling- besøksstrategi .....	15
2.2. Bevaringsmål – strukturert befarng .....	16
2.3. Artsobservasjoner .....	17
2.4. Bestandsregistrering rovvilt .....	17
2.5. Registrering av tekniske installasjonar .....	19
2.6. Snøskredvarsling.....	19
3. Tiltak .....	19
3.1. Øydelagdeleggingar etter vinteren .....	19
3.2. Rydding i regi av SNO .....	21
3.3. Restaurering av stølshus på Berget .....	22
3.4. Tiltak frå bestillingsdialogen.....	22
3.5. Skjøtsel i Vigdalen.....	23
3.6. Ny bru over Høya i Høydalen.....	25
3.6. Dumdalen – revegetering og tiltak mot tagging.....	25
3.6. Uttak framande artar – Contorta/amerikansk vrifuru .....	26

# 1. Oppsynsaktivitet: kontroll/tilsyn og informasjon


Figurane under viser oversikt over brukt arbeidstid i timar på ulike verneområde og fagområde hjå SNO i Luster og Skjåk/Lom i 2015. Det er brukt mest tid på oppsynsaktivitet (tilsyn) i dei store verneområda på begge sider av grensa. Det er også brukt mykje tid på tiltak og skjøtsel, registrering av rovvilt og naturveiledning.

I tillegg til Breheimen og tilgrensande verneområde har SNO Luster også oppsynsansvar i 14 små naturreservat i Luster, Gaular og Høyanger kommune. Det er også blitt brukt tid i andre verneområde i regionen og nasjonalt. Tidsbruk på feltarbeid i dei ulike verneområda er vist i figur 1.

## Luster




Figur 1. Tal timar brukt på ulike arbeidsområde i Luster.




Figur 2. Tal timar brukt på ulike arbeidsoppgåver i Luster.

## Skjåk/Lom



Figur 3 SNO Breheimen-Skjåk sine timar brukt i ulike verneområde.



Figur 4. Tal timar brukt på ulike arbeidsområde for SNO Skjåk.

Spesielt for 2015 var den lange vinteren med rekord mykje snø i Breheimen. Snøen låg til langt uti juli (figur 5).



Figur 5. Holmavatn (1266 m.o.h.) 28 juli 2015.



*Figur 6. Villrein som står på isen på Høybrevatnet (1550 moh) den 14.august vitnar om ei sein smelting.*

### Utviklingstrekk/utfordringar

Miljødirektoratet ynskjer eit større fokus på kontroll-, tilsyns- og informasjonsoppgåver i 2016, og dette skal vere retta mot spesielle problemområder. Samtidig er det mindre pengar til tiltak slik at SNO må prioritere meir tid på oppsyn/tilsyn og mindre på oppfølging av tiltak. Arbeidet med tiltak skal meir over på nasjonalparkforvaltinga.

Dette kan føre til utfordringar når det gjeld forvetningar som er skapt i lokalmiljøa. Omdømmebygging for Miljødirektoratet og SNO kan vere skadelidane når ein går frå positive tiltak i lokalmiljøet til meir kontroll. Det er viktig at SNO samarbeidar tett med nasjonalparkforvaltinga slik me framstår som ei eining for brukarane, og at vi er gode på informasjon.

### **1.1. Motorferdsel**

I Sogn og Fjordane har det vorte gjennomført sporadisk kontroll av motorferdsel, men ingen fellesaksjonar med politi. Køyringa med snøscooter ser ut til å vere stabil, og det er observert køyrespor i same områda som i fjor: Vigdalen og Kokstad-Osen området. Mange melder ifrå til SNO om når dei skal ut å køyre i tråd med løyve som er gitt, men ikkje alle gjer det.

Dermed er det litt vanskeleg å få kontroll over kva løyve som er brukt, og er avhengig av at brukarane rapporterar til nasjonalparkforvaltar for å få oversikt.

Frå og med 2015 har Angard funksjon som fagansvarleg for motorferdsel for SNO i Oppland. Det medfører noko nye oppdrag i forbindelse med dette, mellom anna å planlegge/gjennomføre aksjonar i fylket. Vi tok ei runde med fly på vårparten for å dokumentere scooterspor/ få oversikt over problemområder. I grove trekk ser det ut til at det er forholdsvis roleg med ulovleg køyring i «våre» områder, og at det er nord i Vest-Oppland og delvis Midt-Gudbrandsdal som kan ha noko utfordringar i forhold til dette. Vi hadde planlagt to større aksjonar der den eine utgjekk pga dårleg ver, medan den andre ikkje treffe borti noko ulovleg den dagen aksjonen føregjekk. Elles har det vore teke stikkprøvar av motorferdsel sporadisk i Breheimen, utan å avdekke ulovleg køyring i verneområda. I og med at det for det meste er kontroll av lovleg køyring har fokus vore å følgje opp at vilkåra i løyva som er gjeve av NP-styret vert haldne.



*Figur 7. Bilete frå overvakingsturen.*

#### *Utviklingstrekk/utfordringar – forslag til oppfølging*

- For det neste året vil det vera noko utfordring i å følgje opp utviklinga med el-sykling i verneområda. Ellers er både droner og andre motoriserte nyvinningar noko som vi har fokus på å halde auge med.
- Ha større fokus på sjekking av løyve og vilkår.

## 1.2. Villrein

Sno har eit godt samarbeid med villreinutvalget i Ottadalen.

### *Registrering av områdebruk*

Vi i SNO bidreg med datainnsamling med kor reinen held seg i store delar av året. Dette er data som kjem til nytte for områdestyret også, for å fastslå når reinen er i kva område i løpet av året.

### *Teljingar*

Vi er med på minimumstelling om vinteren, samt strukturtelling om hausten etter jakta. Dette for at forvaltninga skal få gode tal å basere jaktkvota for neste års jakt.

### *Villreinjakt*

SNO samarbeidar med villreinutvalget for Ottadalen om gjennomføring av oppsynet under villreinjakta både i Reinheimen og Breheimen (figur 8,9). Som før er det arrangert eit oppsynsmøte i forkant av villreinjakta, der alle oppsyn som skal fungere i jakta er med. På dette møtet er SNO ein av bidragsytarane med det faglege opp mot oppsynskorpset. Også dei som er innleigd kun i villreinjakta brukar SNO-uniformering og SNO-tenestebevis. Etter jaktslutt har sentrale oppsynsfolk eit oppsummeringsmøte, der også SNO deltek.

Område	Dager felt	Timer	Kontrollerte	Informerte
Nord	37	448	35	237
Sør-Øst*	11	126	4	51
Sør-Vest	2	16	2	9
Sum	50 (52, 41)	590 (595, 426)	41 (57, 44)	297 (360, 305)

*Figur 8. Statistikk på innsatsen til fast tilsette under årets villreinjakttoppsyn 2015, der 2013,2014 er vist i parantes.*

### **Litt om jaktutøvelsen i Reinheimen og Breheimen.**

OPS (informasjon til jeger, «oppgjort på staden»): lang skyteavstand: 2 stk.

Manglande kjøtmerkelapp på slakt: 1stk.

Formalia: 2 stk. mangla våpenkort

Feil dyr: 4 stk.

Skadeskyting der jegeren fekk dyret på kalvekort: 1 stk.

Egne inntrykk:

- Fin jaktutøvelse
- Positiv tilbakemelding fra jegere på oppsynsarbeidet
- Samband fungerer godt
- Områda stort sett bra oppdekt av oppsyn.
- Kontakt mellom oppsynsleiar og oppsyn fungerte godt

#### Utviklingstrekk/utfordringar

Ei utfordring for villreinen i framtida vil vere å klare å beskatte storbukken riktig. Slik det er i dag, står storparten av bukken i Lom under nesten heile jakta, og dei kjem ikkje til Skjåk før brunsten er godt i gang. Dette medfører at det blir skote liten andel vaksen bukk, og det vert forsterka ved at dei som følgjer simleflokkane tidleg i jakta vert skotne. Korleis villreinforvaltninga vil gripe fatt i dette vert spennande å sjå. Det har vore diskutert å frede ei sone i Lundadalen slik at bukken som er på tur inn i Skjåk får passere området Storberka-Kvilingskulane og Skjøle før den vert jakta på.

Anbefalte oppfølgingspunkter neste år:  
Viser til årsrapport for Villreinutvalget.

### **1.3. Informasjon**

SNO har brukt ein god del tid på informasjonsarbeid i 2015. Rundt 850 personar i Luster og 309 i Lom og Skjåk, altså totalt 1159 har blitt informert direkte av SNO i felt eller i føredrags samanheng.

#### **Barnas naturoppsyn**

Naturveiledninga har handla mykje om Barnas naturoppsyn også i 2015. Barnas naturoppsyn er eit undervisningstilbod til 6.-7. klasse der elevane hjelper naturoppsynet med å informere om viktige verneverdiar i verneområda. Barnas naturoppsyn er eit stort samarbeidsprosjekt mellom SNO og forvaltarar i Langsua, Reinheimen, Breheimen, Jotunheimen, Jostedalsbreen og Luster kommune.

I Luster har alle dei 8 skulane vore med på Barnas naturoppsyn i 2015. Vi gjer tilbod til alle skulane for å profilere nasjonalparkkommunen Luster. Opplegget omfattar undervisning frå SNO og nasjonalparkforvaltarar både inne og ute i verneområda, og etterarbeid i skulen sin regi. I 2015 har det vore undervisningsopplegg om fugl for skulane i Hafslo og Solvorn i Hafslovatnet fuglefredingsområde, opplegg om jerv i Breheimen og Jostedalsbreen for skulane i Jostedalen, Veitastrond, Indre Hafslo og Gaupne og opplegg om villrein i Jotunheimen for skulen i Skjolden (figur 10). Borna har laga artiklar som er publisert i Sogn Avis og i Lustranytt.



Figur 10. . Barnas naturoppsyn på Hafsløvatnet NR og Breheimen NP.

For Opplandsdelen vart det berre skulen i Lom – Loar som har vore med på barnas naturoppsyn i regi av oss i Sno. Det gjekk over to omgangar, der vi fokuserte på Dumdalsgrottene for den eine og Jakt, fangst og fiske i den andre.

Dumdalsgrottene: Her tok vi utgangspunkt i problematikken med tagging og forsøpling i grottene, og fekk med 7. klassa på ein dugnadsdag der dei var med på å vaske bort mykje av dette (figur 11). Dette vart svært godt motteke av både lærarar og elevar, og vi drog også inn ein bolk om verneområda og litt om geologien/danninga av grottene og kvifor dei er verd å ta vare på.



Figur 11. 7.kl ved Loar skule i Lom på tur inn i grottene for å vaske av tagging.

Jakt, fangs og fiske: Her har vi eit samarbeid med Lom fjellstyre der vi i fleire år har kjørt eit opplegg i Veodalen som fokuserar på fisking, villrein og tamrein samt fangstanlegg for rein. Her får elevane vera med på fiskeutsetjing, fisking med garn, stong og reiv, reinslakting med



*Figur 12. På utkikk etter rein.*

tamreinlaget, rollespel som jeger for 1000 år sidan, tilbereding av fisk på bål og overnatting ute eller i lavvo (figur 12).

### **Informasjonstands**

Statens naturoppsyn har hatt stands på Fjellsportfestivalen i Sogndal og på Kulturdagane i Skjolden (figur 13 og 14). På Fjellsportfestivalen nådde me eit nytt og ungt publikum som driv med fartsfylt leik i fjellet. Tema var «friluftsliv på lag med naturen». I Skjolden var det dei ulike arbeidsområda til SNO som var tema.



*Figur 13. Naturveiledning på Fjellsportfestivalen*



*Figur 14. Naturveiledning i Skjolden*

### **Tradisjonskunnskap i Mørkridsdalen**

Det er allereie 3 år sidan sist skuleopplegget i Mørkridsdalen vart gjennomført, så i skuleåret 2015-2016 er det ein ny generasjon med ungar frå 4. – 12. år som gjennomfører



Figur 15. Glimt frå skuleopplegget 1. og 2.september 2015

skuleopplegget (figur 15). Heftet og filmen som vart produsert sist gong dette vart gjennomført vert no brukt som lærebok. Same opplegget som sist vart brukt. Dei største overnatta på Knivabakkli. Verneområde, biologisk mangfald og tradisjonell naturbruk var tema.

### **Informasjonspunkt på Vigdalsstølen**

Dette er eit tiltak som er statrta opp med bakgrunn i bestillingsdialogen med nasjonalparkstyret i fjor. Tiltaket går ut på å samarbeide med De Heibergske Samlinger - Sogn Folkemuseum og lokale informantar for å lage informasjon om naturmann og lærar Hans Vigdal som budde på Vigdalsstølen (Sagavollen). Det finst mange spor i landskapet på Vigdalsstølen som ein ynskjer å informere om. Figur 16 viser foto frå møte på museet.

### **Masteroppgåve og Bachleorstudent**

Det er gjort ei masteroppgåve i naturbasert reiseliv, institutt for naturforvaltning ved Norges miljø og biovitenskaplege universitet om bruk av tradisjonskunnskap i forvaltninga av Mørkridsdalen landskapsvernområde (Wøllo 2015: Ny meining av gamal kunnskap). Ein student i landskapsplanlegging og forvaltning ved Høgskulen i Sogn og Fjordane har starta på ei bachleoroppgåve om tilrettelegging av Mørkridsdalen landskapsvernområde i reiselivs samanheng.

Elles er det gjort mindre skulebesøk i samband med snøholetur i Vigdalen, førelesingar om verneområde for høgskulestudentar m.m.



Figur 16. Møte på museet for å sjå på gjenstandar etter Hans Vigdal. Herbarium, steinsamling, dagbøker og Vigdalsloftet som tidlegare stod på Vigdalstølen.

**Barske glæder i Lom** vart arrangert som før, og dette er eit samarbeidsprosjekt mellom mange aktørar. Vi inviterer 5. klasse i Vågå, Lom og Skjåk og gjev dei ein dag ute med naturveiledning. Vi gjev dei informasjon og dei får prøve seg i praksis med å tenne bål, lære seg om reinen (både vill og tam), lassokasting, steiker mat på bål, sanseløype og mykje meir.



Figur17. Korleis levde dei i Lavvo før i tida?

### Utviklingstrekk/utfordringer - forslag til oppfølging

Det er viktig å halde fram med å ha stort fokus på informasjon og naturveiledning då ein ser at dette har veldig positiv effekt, både i lokalmiljøet men også ut over dette. Det er viktig å vidareføre metodane frå prosjektet Mennesket og naturarven med å lytte til tradisjonell naturkunnskap, og ta kunnskapen i bruk der den er relevant i arbeidet med å ta vare på verneverdiar. Denne kunnskapen er viktig å få med i informasjonsprosjekt. Aktuelle tiltak i 2016:

- Ferdigstilling av informasjonsprosjektet i Vigdalen. Setje av midlar til trykking av plakatar og til opphengstavler.
- Vidareføre samarbeidet med Barnas naturoppsyn. Setje av midlar til buss.
- Bruke innsamla informasjon og kunnskap frå studentoppgåver til informasjonsprosjekt i Mørkridsdalen
- Halde fram med å samarbeide om Barke glæder.

### **1.4. Plukking av søppel**

I år har vi vidareført prosjektet om opprydding på Strynsfjellet, der vi nesten har kome i land med det prosjektet. Vi ryddar gamle telefonstolpar, jernstag og tlf. line og har att berre ein liten stubb mot Strynegrensa før vi er ferdige på den kanten. Vi ryddar også alt av søppel vi kjem over andre stader i verneområda, slik som mellom anna i grottene.

### Utviklingstrekk/utfordringar – forslag til oppfølging

Satsar på å verte ferdige med oppryddinga på Strynsfjellet i 2016.

### **1.5. Tilsyn med tamreindrift**

Samarbeidet med tamreinlaget går bra, vi treffes av og til i fjellet den tida dei har reinen sin i Breheimen. Villreinen kom ikkje over til Lom medan tamreinen beitte der, slik at dette ikkje medførte noko ekstraarbeid for å hindre samanblanding.

Det er fortsatt viktig å kunne ha ein open og løpende dialog mellom villreinutvalget, tamreinlaget, grunneigarane, forvaltarane og SNO.

### Utviklingstrekk/utfordringar – forslag til oppfølging

- Fortsetja dialogen med aktørane i området, og ta sporadiske turar i grensefjella mellom vill- og tamrein, spesielt i den siste tida tamreinen beiter i Lomseggen for å følgje med på kor nære flokkane (vill og tam) er kvarandre.

## 1.6. Øydelagde løveskilt

Løveskiltene me har fått til oppsetting i Breheimen har vore feilvare, og mesteparten av skiltene er no uleselege (figur 18). SNO i Trondheim jobbar med å skaffe ny leverandør, og det kan bli ei stor oppgåve til neste år å skifte ut skilt.

*Utviklingstrekk/utfordringar – forslag til oppfølging*

- Skaffe nye skilt og setje dei opp.



Figur 18. Øydelagte løveskilt

## 2. Registrering/overvåking

### 2.1. Ferdselstelling- besøksstrategi

Det har ikkje vore ferdselstelling i nokon av verneområda i 2015.

*Utviklingstrekk/utfordringar – forslag til oppfølging*

- Å ha ein oversikt over bruken av verneområda er viktig for forvaltninga. Målingar som går over tid er verdifulle for å sjå utviklinga i besøkstala. Mange stader finst det trimbøker og hyttebøker som kan gje eit bilde på utviklinga. Dette kan vere viktig bakgrunnsinformasjon til arbeidet med å utarbeide ein besøksstrategi. Visst det er aktuelt med ferdselstelling må nasjonalparkstyret melde inn behov for måling i bestillingsdialogen.

## **2.2. Bevaringsmål – strukturert befaring**

Arbeidet med bevaringsmål og strukturert har teke tid å innføre nasjonalt, men SNO har valt å følgje opp målingane på slåttengene i Mørkridsdalen etter bestilling frå nasjonalparkstyret. I løpet av 2015 skal forvaltinga ta i bruk det nye systemet med å legge inn målbare bevaringsmål og metodikk for overvaking i den nye databasen NatStat (naturstatestikk).

SNO gjennomførte feltarbeidet i starten av august. Metoden er under utvikling, og det vert gjort forenklingar. Undersøkinga viste at beitepresset har vore høgt i begge engene som får tilførsel av mykje husdyrgjødsel (figur 19). Det var lite gras å slå på grunn av beitet. Variasjon i vertilhøve har hatt mykje å seie for korleis tilstanden i engene ser ut i starten av august. På Dulsete ser det ut til at det kjem fleire slåtteartar inn i enga. Det blir fleire urter og mindre gras. Enga på Knivabakkgerdet er urterik, og det ser ut til at det er mindre sølvbunke. Dette er ikkje kvantifisert og berre foto og artsliste dokumenterar desse endringane (sjå vedlagt notat, vedlegg 1).



*Figur 19. Høgt beitepress i enga på Dulsete. Ein flokk angus kyr på enga i starten av august.*

### Utviklingstrekk/utfordringar – forslag til oppfølging

Samarbeide med nasjonalparkforvaltinga om å finne gode og målbare bevaringsmål og metode for overvaking av engene, og ta i bruk det nye databasesystemet NatStat og NatReg (naturregistrering).

### **2.3. Artsobservasjoner**

SNO registrerer heile tida artar tilfeldig når me er ute i felt. Observasjonane vert lagt inn i databasen Artsobservasjoner.

*Utviklingstrekk/utfordringar – forslag til oppfølging*

- Følgje med på fjellreven og prøve å finne hi plassar, men vere påpasseleg med å ikkje uroe den i ynglingstida.
- Halde fram med å registrere i Artsobservasjoner

### **2.4. Bestandsregistrering rovvilt**

SNO gjennomfører bestandsregistrering av jerv frå januar og ut snøsesongen. SNO i Breheimen brukar mykje arbeidstid på dette, sjå figur 20 og 21, og overvåkinga medfører mange besøk i store delar av verneområda. Rovviltregistreringar vert rapportert gjennom rovbasen som har eigen innsynsløysing.

I jobben med å finne jervehi, har vi teke i bruk viltkamera for å auke sjansen for å finne ut meir om det er yngling eller ikkje. Dette medfører at vi treng mindre tal turar til fjells for fysisk å sjekke konkrete plassar, noko som lettar arbeidet for oss og vi blir meir effektive. I Breheimen fann vi 2 ynglehi av jerv i vår, derav eitt dokumentert som vart teke ut og eitt som vart antatt sikker yngling som ikkje vart teke ut. Viltkamerabruk var ein viktig del i at vi fekk dokumentert begge desse hia (figur 20).



Figur 20. Bilete av tisper som flyttar kvalp frå eitt hi til eitt anna i Breheimen (viltkamera).

Innsamling av DNA frå jervskit er også ein viktig del av registreringsarbeidet. Dette er med på å slå fast kor mange forskjellige individ vi faktisk har i områda våre. Av dei skitprøvene vi fann våren 2014 viser det seg at dette stammar frå 1 tisper og 4 hannar.

SNO rovviltseksjonen avliva ein jerv i Mørkridsdalen, fire til i Luster og ein i Årdal. I tillegg vart det felt ein jerv på skadefelling i Nørstedalen, totalt seks dyr.

Overvåking av kongeørn har vore vidareført i 2015. Det er ikkje funne hekkande kongeørn innanfor Breheimen og tilgrensande verneområde, men det er gjort observasjonar av kongeørn i områda som vert lagt inn i Artsobs.



*Figur 21. På leit etter jervespor i Mørkridsdalen*

#### Utviklingstrekk/utfordringar – forslag til oppfølging

- Registrere jervyngling, samle dna og registrere kongeørnhekking som tidlegare år
- Følgje med på fjellreven

## 2.5. Registrering av tekniske installasjonar

Det er gjort eit arbeid med å registrere alle bygningar i Vigdalen på same skjema som vart brukt i Skjåk og Lom i fjor. Det var ein student frå Høgskulen i Nord Trøndelag som var på praksisarbeid som gjorde målingane. Data skal leggest inn i Verneområdeloggen av SNO

*Utviklingstrekk/utfordringar – forslag til oppfølging.*

- Fortsetja registreringa og legge dette inn i verneområdeloggen. Vurdere tenestekjøp på dette.

## 2.6. Snøskredvarsling

SNO Luster har delteke i arbeidet med å samle data i felt til snøskredvarslinga i regi av NVE. Data vert registrert og sendt inn i felt og vert gjort samtidig som ein er på andre oppdrag (jerveregistrering, motorferdselskontrollar m.m.)

## 3. Tiltak

### 3.1. Øydelagdeleggingar etter vinteren

Det vart sett i gong ein del hastetiltak etter at dei store snømengdene hadde øydelagt oppslagstaver, bruer og skilt. I Vigdalen og ved Styggevatn var tavlene øydelagde og dei vart reparerte gjennom tenestekjøp (figur 22).



*Figur 22. Store snømengder braut ned to av tavlene i Luster. Dei er no blitt fiksa.*

I Mørkridsdalen var det skade på begge bruene over Nobbi ved Fossen og hengebrua over til Knivabakkjerde hadde fått seg ein knekk (figur). Bruene vart reparert raskt slik at dyra kom over, men hengebrua treng ein større reparasjon. Liabrua greidde seg fint, men det var ikkje var heilt ferdig i 2014. Det var laga trapp i begge endar i 2015.

Mest alle dei nye retningsskilta i Mørkridsdalen hadde også ramla av, og SNO skrudde dei opp igjen.

Kloppene ved Dulsete vart trampa sund av storfe, og det er sett i gang arbeid med å ordne dette gjennom samarbeid mellom nasjonalparkstyret og lokale beitelag/grunneigarlag.



*Figur 23. Snøen har gått hardt ut over bruene i Mørkridsdalen, men den nye brua på Liane greidde seg fint.*

### ***3.1.1 Øydeleggingar i Høydalen***

Hausten 2014 gjekk det eit jordras som tok med seg delar av den nye parkeringsplassen. Vi gjekk i gang med restaureringa av dette når det hadde tørka ut på forsommaren. Det vart hyra inn gravemaskin til å fjerne lausmasser som hadde fylt seg opp, og vi brukte nokre dagsverk for å setje opp att det gjerdet som vart øydelagd.

Lenger inn i Høydalen, hadde brua inn mot Bukkebotn teke noko skade av vårflaumen/isgang. Delar av rekkverket var reve vekk, men brua elles stod like godt

Vegen opp mot brua hadde også teke skade, og to til tre plassar hadde vegen rasa ut eller fylt seg med lausmasse frå ras ovafor vegen.



*Figur 24. Vegen opp mot Bukkebotn og rekkverket på brua som er øydelagd.*

*Anbefalte oppfølgingspunkt:*

Sjekke over p-plassen på forsommaren, og feste evt lause delar og grave frå jord og liknande. Vurdere om rekkverket på brua skal reparerast.

### ***3.2. Rydding i regi av SNO***

Sno har rydda sti frå Dalsdalen til Vigdalen etter mykje trefall etter all snøen. Det er også rydda rundt dei stuva almetrea i Mørkridsdalen etter at det var ramla ned mykje bjørk og osp der (figur 25). Det er også hogd ned fleire graner på Vestsida av Mørkridsdalselvi.



*Figur 25. Mykje tre fall ned i vinter og det har vorte ein del ryddearbeid på SNO i 2015.*

### **3.3. Restaurering av stølshus på Berget**

Nasjonalparkstyret gav fond midlar til restaurering av stølshuset på Berget. Dette arbeidet er no utført, sjå figur 26.



*Figur 26. Det nyrestaurerte stølshuset på Berget i Mørkridsdalen.*

### **3.4. Tiltak frå bestillingsdialogen**

Pengebruk frå bestillingsdialogen vert rapportert av nasjonalparkforvaltaren ( i ESS).

#### **Kulturlandskapsskjøtsel i Mørkridsdalen**

Slått på Knivabakkgerdet og Dulsete vart gjennomført som tidlegare år (figur 27). SNO og nasjonalparkforvaltar deltok på Knivabakkgerdet.

Haustbeitet på Knivabakkli er i gjennomført. Over 100 klipte sauer gjekk på haustbeite frå midten av september til slutten av november.

Det er hogge graner over Mørkri og på Berget i Mørkridsdalen (figur 28). Tiltaket må avsluttast i 2016 då pengane ikkje strakk til i år. Når dette feltet er hogge skal heile Mørkeidsdalen LVO vere nokonlunde fri for gran.

Elles er det mykje beitedyr i dalen med storfe, sauer, villsau, geit og hest.



Figur 2. Slått på Knivabakkli 2015.



Figur 28. Grana over Mørkri er fjerna.

### Utbetring av stiar i Mørkridsdalen

Stien frå Liane til Knivabakkli har vorte rydda og merka betre.

#### Utviklingstrekk/utfordringar i Mørkridsdalen LVO

- Skjøtselen i Mørkridsdalen må halde fram. Det er viktig at motiverte grunneigarar vert følgd opp.
- Slått på Dulsete, Knivabakkgjerdet og haustbeiting på Knivabakkli som tidlegare. Finne god løysing for haustbeite på Dulsete.
- Lage plan for skjøtsel av haustingsskog. Rydde meir rundt dei restaurerte trea i Mørkri
- Det er kome innspel om utbetring av stien mellom Osen og Fast og stølsstien frå Rebnisli til Myri. Desse treng finansiering.
- SNO skal følge med og fjerne enkeltgraner om dei dukkar opp i verneområdet.

### 3.5. Skjøtsel i Vigdalen

#### Rydding av stølsvollen på Sagavollen

Laurdag 26. september var det ryddedugnad på Vigdalsstølen i regi av Vigdalen grendalag. Stølsvollen rundt Sagavollen og Li-Hans Fjosen har grodd igjen med bjørkekratt. No er gjengroinga sett minst 25 år tilbake i tid (figur 29).

#### Granhogst

Hogging og rydding av stor gran vil halde fram gjennom seinhausten og vinteren 2016



*Figur 29. Oppe til venstre: Frå ryddedugnaden på Sagavollen, frå ventre: Willy Vigdal, Bente Mundal Vigdal, Ole Herman Meløy og Vidar Fossøy. Til høgre: framom Li-Hans Fjøsén før rydding (øvt) og etter rydding (nedst). Nede til venstre: granene lengst ned mot elva skal hoggast.*

#### *Utviklingstrekk/utfordringar*

Gjengroing trugar verneverdiane i Vigdalen, og spreining av gran har vore den største trugselen. Prosessen med å fjerne stor gran bør halde fram i 2016. Det bør vere styrt beiting på områda som er rydda for å hindre at det kjem opp att med ein gong.

#### *Anbefalte oppfølgingspunkter neste år*

- Hogging av meir gran i kombinasjon med informasjonstiltak
- Setje i gang beiteprosjekt

### ***3.6. Ny bru over Høya i Høydalen***

I samarbeid med Lom fjellstyre fjerna vi gamle wire-restar etter gamal hengebru og monterte ei ny bru. Dette er ei 8 meter lang aluminumsbru som vi legg på og tek av vår og haust pga isgang og vårflaum. Dette er ei bru som for det meste vert nytta av turgåare og folk som driv tilsyn med beitedyr (figur 30).



*Figur 30. Under arbeidet med monteringa av nybrua.*

#### *Anbefalte oppfølgingspunkter neste år*

Det vert eit oppfølgingsarbeid med brua vår og haust, og det kan også vurderas om vi skal mure opp noko ved bruendene for at den skal verta noko betre å bruke.

### ***3.7. Dumdalen – revegetering og tiltak mot tagging***

I inngangen til Dumdalen er det mange paralelle stigar som går inn i verneområdet. Vi har jobba noko for å kanalisere ferdsele dit inn ved å revegetere nokre av stigane og lede ferdsele på eit fåtal stigar. Vi fekk hjelp av Rune Holen (SNO Sandane) og Lom fjellstyre med dette arbeidet. Vi nytta jernhest for å frakte stedeigen torv og vegetasjon og la dette til for å tette dei utvalgte stigane. Samstundes nytta vi gjerde med skilting for å få folk til å følgje stigen (figur 31).



Figur 31. Bilder frå revegeteringsprosjektet

Anbefalte oppfølgingspunkt neste år

Vi må ta ei ny runde med revegetering der plantane har dauda, og fortsetje på dei stigane vi ikkje vart ferdige med i vår. Setje opp att skiltet om Dumdalen og gjerda som ledar folk dit vi vil dei skal gå.

**3.6. Uttak framande artar – Contorta/amerikansk vrifuru**

I Tundradalen i området ved Brumillomsætra, vart det i 1981-82 planta godt og vel 140 dekar med amerikansk vrifuru (Contorta).

Dei store trea vart felt med motorsag, og det vart brukt ryddesag på mindre tre (figur 32). Tre som var grovre enn 10 cm i brysthøgde vart kvista og lagt opp for transport ut. Det som var mindre vart liggjande. Vi har lagt opp tømmeret i lunner for vidare transport med lassbærar.

Også i år vart det organisert ein dugnad, der vi var 6 stk frå lokalt SNO som deltok (figur 33). Vi arbeidde i to dagar, og jobba oss vidare gjennom bestandet. Vi erfarar at det står att mykje jobb endå, men ser for oss at dugnadsinnsatsen kan fortsetja komande år. Skjåk almenning som er grunneigar, vil sørge for uttransport av virket som kjem til å bli nytta som slip.



Figur 32. Manuell hogging



Figur 33. Manuell kaffipause.



**7. desember 2015**

**Liv Byrkjeland og Øyvind Angard**



*Spørteggbreen*